Harald Sagstad
5911 Alversund

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Øystein Hafnor Kolstad | 26.01.2023 |
| Vår: 22/8023 - 23/7026 | oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no | |

# Rapport etter kontroll av søknad om produksjonstilskot

Kommunen skal kontrollera at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon.

- Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 20.09.22 Det er dei areala i Alversund- Kvamme - Erstad som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området.

**Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket.**

**Generell merknad:**
**Landbrukskontoret er klar over att den nedbørrike sommaren har gjort både slått, gjødsling, pussing og beiting vanskeleg mange stader. Mange areal på kan difor fram stå å vera i dårlegare stand enn dei eigentleg er, på tidspunktet for filming.**

| GBNR | Namn føretak | Driftsform | Dato |
|---|---|---|---|
| 137/7 | Harald Sagstad | Ammekyr/sau | 8.12.2022 |

| Vanleg jordbruksproduksjon | Arealkontroll | Ja/Nei | Kommentarar |
|---|---|---|---|
| **Arealet er hausta/beita** - minimum 1 gong i vekstsesongen | - er det utført gjødsling, slått/beiting, jord-arbeiding, -såing, plantevern el.l | ja | Det meste av arealet er slått eller beita. |
| **Drifta har næringsmessig** | Framstår arealet | Ja | Areala framstår som stelt, men |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **preg og god agronomisk praksis**<br>-Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt | som i drift/ stelt? | | nokre kommentar på enkelte beite |
| **Areal ute av drift**<br>**-**er det noko areal ført som ute av drift på søknaden | Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen | Ja | Sjå kommentar på gbnr 137/690 |
| **Miljøkrav – kulturlandskap**<br><br>Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m | Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ? | Nei | Ikkje registrert inngrep i kulturlandskapet<br>Det er fint kulturlandskap og positivt at mange bratte og kuperte areal vert drive |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Miljøkrav - vegetasjonssone**<br>(normal hausting/skjøtsel er tillate) | Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn? | Ja | Vegetasjonssone til vassdrag er ok, og god vasskvalitet i Tveitavatnet |
| ( vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate) | | | |

**Konklusjon**
**Areala fram står som stelt og i drift. Veldig positivt at så mykje kupert/bratt areal vert brukt. Nokre stader utfordringar med ugras, så viktig med fokus på ugraskamp og rett gjødsling/kalking framover.**

**Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte areala er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet**

**Kommentar/bilde/kart**

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4631-137/1 Kart | Håkon Glatved-prahl | 5B | 24 | | 12 | 36 | Vis markslag |
| 4631-137/7 Kart | Kjersti Alver | 5B | 29 | | 10 | 39 | Vis markslag |
| 4631-137/24 Kart | Kari Anita Alver Vågstøl | 5B | | 3 | | 3 | Vis markslag |
| 4631-138/1 Kart | Hans Martin Tvedt | 5B | | 1 | 34 | 35 | Vis markslag |
| 4631-138/2 Kart | Jorunn Litleskare | 5B | | | 16 | 16 | Vis markslag |
| 4631-138/4 Kart | Anders Kvamme | 5B | | | 22 | 22 | Vis markslag |
| 4631-138/5 Kart | Kristian Ones | 5B | 17 | 7 | 24 | 48 | Vis markslag |
| 4631-140/3 Kart | Åshild Hjørnevik Vatshelle | 5B | | 14 | 3 | 17 | Vis markslag |

**************************************************************

**138/1 er ikkje med på filmen, men 138/12 er ein del av driftseininga.**







**Innmarksbeite er brukt, men spørsmål om det er søkjar eller andre som brukar det? 1 daa overflatedyrka som ligg innimellom to andre bruk.**

**************************************************************************

**Gbnr 138/2 16 daa innmarksbeitog  138/4 22 daa innmarksbeite ligg utanfor film området. Men er del av større beiteområde over fleire bruk, der beitedyr er synleg på filmen.**

******************************************************************************

**137/1 og 8 disponerer alt arealet på eigedomen**






Mesteparten av den fulldyrka jorda er slått
Brun/grå farge, mykje tuer. Nokre spor som kan vera beitetrakk.
Er dette arealet brukt i 2022 til beite.?

*******************************************************

**Gbnr 137/7 – berre 137/690 som er ein del av denne driftseininga, viser på dronefilm –**







I samband med ny avkøyrsel til Alversund skule vart det gravd i det fulldyrka arealet. Ser spor etter beiting, men tuete og mykje ugras.

**Leiger alt arealet på 138/5**







Arealet er slått, og overflatedyrka og innmarksbeita er brukt. Fine kantsoner, delvis tresett og god vasskvalitet i Tveitavatnet. Areala er bratte og kuperte og difor vanskeleg med maskinell beitepussing.

Gbnr 140/3
Leiger overflatedyrka og beite sørom tunet. Delar av det overflatedyrka arealet er slått.
Ein del trakkskader på beite . Dårleg ver i beitesesongen kan ha gjort beiting med storfe vanskeleg.
Ein del høymole på slåttemark på den sørlege delen. Noko areal ved huset ser ut som det høyrer til hage/bustad og skulle kanskje vore endra til bebygd i markslagsklassifikasjon





Figur 1 Arealet frå huset og sørover mot drivhus står som overflatedyrka, men er det hageareal?

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Sagstad 5911 Alversund